

## Bølgjebitar

Eg la meg yttarst på bryggjekanten og kikka i vatnet. Bølgjene glei innover og skifta takt etter kvart som båtar drog ut eller kom inn til hamna. Eg såg ansiktet mitt i bitar. Bølgjebitar. Dei grønne, smale augo blei ein bit. Under dei dansa nasen, og litt på sida av nasen låg munnen med reguleringstenner. Reguleringa var to veker gammal. Tannlegen sa eg nesten ikkje kom til å merke noko til ho. Berre litt stramt, sa tannlegen. Litt stramt i gommane. Ho sa ikkje noko om tennene som blei gule og forsvann bak sølvgitter. Berre eitt år, Anna. Eitt år med reguleringstenner. Eitt år. Bollenase, reguleringstenner, briller bak øyro og musegrå hestehale i nakken.

Hilde Hagerup

SOMMAR-  
FERIE



BØLGJEBITAR

EI JENTE  
SOM IKKJE ER  
SÅ POPULÆR

AT EG SNART  
SKAL TIL  
TANNLEGEN



KANSKJE  
HO ER LEI SEG  
PÅ GRUNN AV  
REGULERINGA